



Borghild Gjertsen var ei av dei som søkte ly i Urastovo i april dagane i 1940.

**Biletet nedanfor viser Urastovo som er ei stor steinholme mellom Herøysundet og Raudstein. Til denne hola høyrer det ei interessann historie då den var brukt som evakueringsplass under krigshandlingane i Herøysundet og Uskedalen i 1940. Borghild Gjertsen var ei av dei evakuerte, og sonen Einar fortel historia etter henne.**

Borghild Gjertsen f. Torkelsen som no har passert 93 år og bur i Myro, vaks opp i Herøysundet. Ho var i april 1940 elev ved realskulen i Rosendal. Dei vart då sendt heim ei veke kvar til sitt. Ho var då ei av dei evakuerte som oppheldt seg i Urastovo medan krigshandlingane nede i Herøysundet var på det hardaste, då blant anna marinebåten Stegg vart senka i sundet. Tyskarane gjekk i land på Trones, og fylgde vegen innover mot Herøysund, medan andre tyske marinebåtar sende granatar langt innover bygda.

I vegen rett nedanfor Urastovo køyrde lastebilar med kanon på lasteplanet att og fram, og skaut på dei tyske krigsskipa. Borghild meiner at det var med bilar frå Uskedalen i desse trefningane. Vi kjenner til at Arne M Myklebust og Arne Eik hadde kanoner på bilane sine. Den største av dei tyske båtane fekk seg eit granattreff, så den for ut fjorden på sakte fart, og med slagside, har Borghild fortalt til sonen Einar Gjertsen som fortel historia vidare til uskedalen.no. Same hausten byrja Borhild på telegrafstasjonen i Herøysundet. Stasjonen var sambandssentral for Hardangerfjord Sjøforsvarsavsnitt, og ho vart i juni 2015 tildelt regjeringa sin minnemedalje som takk for innsatsen under den 2.verdskrigen.

Dette er ei interessann lokal historie frå starten på krigen her på våre kantar. Det var heilt sikkert ei dramatisk hending for dei som opplevde dette.

Også i etterkrigstida har Urastovo vore ein velkjend plass. Då har hola vore ein mykje brukt leikeplass for born frå Herøysundet og Raudstein. Svært spennande var det å leika der, og nokre hugsar at det var mykje flaggermus der inne.



Modell av krigsbåten Stegg som vart senka i Herøysundet. Modellen er laga av Nils Arvid Totland i storleik 1:50.  
Tekst og nett: Thor Inge Døsland.  
Foto: Einar Gjertsen/Nils A. Totland